



Sjå adresseliste

Vår ref.: 2017/1018-81	Sakshandsamar: Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	Dato 22.10.2024
---------------------------	---	--------------------

BLEKA SI VANDRING BYGLANDSFJORD DAM OG GYTEOMRÅDE VASSENDEN

Vi syner til dykkar referanse 291702382, Revisjon av konsesjonsvilkår Otravassdraget.

Bygland kommune har i sin høyringsuttale kravd at det opprettast vandringsveg for bleka frå Kilefjorden til Hallandsfossen. Vedlagt følgjer notat frå fisk og vassdragsforvaltar Nils Kile som underbygger tidlegare vandringsveg forbi den gamle nåledammen på Byglandsfjord samt endring av gyte- og oppveksthabitat i Vassenden.

Vi syner til tidlegare fangst- og overvakingsdata som tilseier ein viss eigenrekruttering i nedre del av Byglandsfjorden og elvesystemet nedstrøms Byglandsfjord dam. For å få ein berekraftig blekebestand i Byglandsfjorden, meiner vi det må på plass vandringsveg opp forbi Byglandsfjord. Slik at bleke og aure som slepper seg ned Byglandsfjord dam (gyte- og ungfisk) kan kome opp i Byglandsfjorden igjen. Dette vil føre til større genetisk mangfald.

Tidlegare gyteområde nord for Ose har ingen eller sporadisk eigenrekruttering grunna reguleringseffektar (gassovermetta vatn, vassføring m.m.). I Dåsåna som skal vere sikringsbestand for bleka i Otravassdraget er det ingen overvakingsdata som tyder på eigenrekruttering dei siste tre år. Det haster difor å få sikra nok eigenrekruttera bleke i sør som kan byggje opp ei berekraftig blekebestand på sikt.

Med helsing
Bygland kommune

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

ADVOKATFIRMAET LUND & CO DA	Akersgata 30	0158	OSLO
OTRA KRAFT DA	Setesdalsvegen 3455	4748	RYSSTAD
NVE v/Oda Bjærke	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
STATSFORVALTEREN I AGDER	Postboks 504	4804	ARENDAL
Miljødirektoratet ved Kjetil Lønborg Jensen			
EVJE OG HORNNES KOMMUNE	Kasernevegen 19	4735	EVJE
VALLE KOMMUNE	Postboks 4	4746	VALLE
BYKLE KOMMUNE	Sarvsvegen 14	4754	BYKLE
IVELAND KOMMUNE	Frikstadveien 20	4724	IVELAND
KRISTIANSAND KOMMUNE	Postboks 4	4685	NODELAND
VENNESLA KOMMUNE	Postboks 25	4701	VENNESLA
NTL NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO

1 Notat Vassenden 09.2024.pdf